

SENTRALBORD:
53 48 21 30

REDAKSJONEN:
53 48 21 45

VAKTTELEFON:
53 48 21 31

ANNONSER:
53 48 21 35

16.03.2017

Valutakursar:

Dollar: 8,57 kroner.

Euro 9,11 kroner.

Britiske pund 10,46 kr

Baht 24,13 kroner

LME-pris aluminium:

1.845 dollar per tonn.

Siste tre mnd. + 5,1%



VÊRET

Det blir riktig så vakkert på fredag og laurdag. Nyt dei dagane før regnet kjem attende på søndag. God helg!

SOL & MÅNE

17. mars: Sola opp kl. 6.47, i sør kl. 12.45, ned kl. 18.45. Dagen har auka 6 t 2 min. frå vintersolsnu. Månen i sør kl. 4.06, ned kl. 8.40.
18. mars: Sola opp kl. 6.44, i sør kl. 12.45, ned kl. 18.47. Dagen har auka 6 t 7 min. frå vintersolsnu. Månen opp kl. 0.31, i sør kl. 4.51, ned kl. 9.04.
19. mars: Sola opp kl. 6.41, i sør kl. 12.45, ned kl. 18.50. Dagen har auka 6 t 13 min. frå vintersolsnu. Månen opp kl. 1.37, i sør kl. 5.37, ned kl. 9.33.

FLO OG FJØRE

17. mars:		19. mars:	
Flo	1.38	Flo	2.43
Fjøre	7.39	Fjøre	8.54
Flo	13.51	Flo	15.01
Fjøre	20.01	Fjøre	21.17

18. mars:	
Flo	2.09
Fjøre	8.14
Flo	14.25
Fjøre	20.36



BESØK: Kjell Magnus Økland (bildet nedanfor) kjem måndag til biblioteket for å snakka om Oselvaren.



Kjem for å snakka om Oselvaren

Måndag kjem Kjell Magnus Økland til Kvinnherad Bibliotek på Husnes for å fortelja om Oselvaren.

Den tradisjonelle strilabåten er Norges nasjonalbåt og i desember vart bygging og bruk av Oselvaren oppført på UNESCO si liste over gode vernepraksisar i immaterielt kulturvern. Kjell Magnus Økland var den som på oppdrag for Oselvarverkstaden skreiv nominasjonsframlegget til UNESCO,

heiter det i ei pressemelding frå biblioteket.

I oktober gav Økland ut boka om Oselvaren. Den tradisjonelle klinkbygde trebåten har vore i bruk i mange hundre år langs den sørvest-landske kyststripa, og båttypen har røter fleire tusen år attende. Oselvar-omgrepet stammar frå Os i Hordaland. Båten har vore mest vanleg som bruksbåt frå Ryvarden i sør til Sognefjorden i nord, men ein finn døme på bruk av han langs heile Norskekysten, på

Shetland og på Orknøyane. Oselvaren har i tillegg vore nytta som sportsbåt heilt i frå 1800-talet, og er i dag mykje nytta som fritidsbåt.

Boka utgjer den fyrste samla framstillinga av mangfaldet i Oselvarens historie, og presenterer eit variert historisk og teknisk materiale i populærvitskapleg form. Mykje av dette stoffet har ikkje tidlegare vore publisert. Boka inneheld tekst, både gamle og nye fotografi, tabellar, kart, figurar og teikningar.

Poesistafett på biblioteket

Verdas poesidag er ein FN-dag og blir markert 21. mars kvart år etter at den vart innført av UNESCO i 1999. Målet med dagen er å skapa merksemd kring lesing, skrivning, publisering og formidling av poesi over heile verda. Dikting og munnleg overføring har vore brukt til å overlevera sentrale verdiar i ulike kulturar i generasjonar opp gjennom historia.

Vi på biblioteket oppmodar kvinnheringane til å markera Verdas poesidag ilag med oss og finne poeten i seg ved å bidra med opplesing. Vi arrangerer «poesistafett» med opplesing kvar heile time frå 10.00–17.00. Vi stiller med scene og mikrofon. Du kan lese eigne dikt eller dikt frå din favorittpoet. Alle kan bidra, både vaksne og barn.

Sist vi markerte poesidagen på denne måten var den yngste deltakaren 8 år og den eldste 93 år, så her er det fritt fram for alle som er glade i dikt og opplesing! Det er berre å melda seg på til biblioteket.

Arrangementet er gratis og ope for alle.

Meirso på Snikkeriet



Laurdag spelar ytst lokale og høgst populære Meirso Countryband på Snikkeriet i Rosendal. Desse muskarane er også det Snikkeriet kallar sjefsjammarane sine, og skulle vera godt kjende for alle i det lokale musikkmiljøet. Bandet består av Atle Fredheim (vokal/munnspel), Mads Moland Træen (gitar), Hans Martin Hjelmeland (trommer), Per Bråtun (bass) og Stig Klette (gitarar). Eli Kvalvåagnes lokkar med ny scene og topp lokal musikk. Bandet melder at lokalcounryen denne gongen er forsterka med songfugl og halsnøyjente Tone-Lise Jonassen, og lovar høg stemning og god dansefaktor.